
NOTAT 2010-7

Økonomien i jordbruket på Vestlandet

Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008

*Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i
Hordaland og Sogn og Fjordane*

Torbjørn Haukås

Anastasia Olsen

Heidi Knutsen



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret, 1999–2008. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Hordaland og Sogn og Fjordane
Forfattarar	Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen og Heidi Knutsen
Prosjekt	Publisering av distriktstal (D223)
Utgjevar	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF)
Utgjevingsstad	Oslo
Utgjevingsår	2010
Tal sider	86
ISBN	978-82-7077-771-6
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking som omfattar omlag 900 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå Vestlandet. I tillegg inneheld notatet kvart år eit eller fleire spesialtema som er interessante for regionen. Årets tema er verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnærings i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 164 bruk frå Vestlandet i granskinga, omlag 55 bruk frå kvart fylke.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidrarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås har skrive notatet. Heidi Knutsen har skrive kapittel fem og har lese og kommentert notatet. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, mars 2010
Ivar Pettersen

Innhold

SAMMENDRAG	1
1 INNLEIING	3
2 DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2008	5
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	9
3.1 Resultatmål i jordbruket	9
3.1.1 Driftsoverskot	9
3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)	12
3.1.3 Lønsevne per time	14
3.1.4 Mjølkeproduksjon og sauehald på Vestlandet samanlikna med landsgjennomsnittet	15
3.2 Skogbruket	18
3.3 Totaløkonomi	19
3.3.1 Nettoinntekt	19
3.4 Nettoinvestering	21
3.5 Gjeld	23
3.6 Soliditet - eigenkapitalprosent	24
4 SKATT	25
4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	25
4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)	27
5 VERDISKAPING I JORDBRUK, SKOGBRUK OG TILLEGGSNÆRINGAR I HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE	29
6 TABELLSAMLING 2004–2008	33
7 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	85

Figurar

Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i Vestlandsjordbruket og gjennomsnittstal for landet i perioden 2000–2008	7
Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet	10
Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet	11
Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet	11
Figur 3.4 Jordbruksinntekt per årsverk for heile landet og Vestlandet	12
Figur 3.5 Jordbruksinntekt per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, mjølk/ storfekjøt og mjølk/ sau	13
Figur 3.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt	14
Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet	14
Figur 3.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene	15
Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet	18
Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet	19
Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet	20
Figur 3.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet	21
Figur 3.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk svin, mjølk/storfe, sau og frukt	22
Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer	23
Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene	24

Figur 4.1	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet og Vestlandet	27
Figur 5.1	Verdigskaping fordelt etter driftsform, Hordaland.....	30
Figur 5.2	Verdigskaping fordelt etter driftsform, Sogn og Fjordane	31

Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2008.....	7
Tabell 3.1	Mjølk/storfeproduksjon, Vestlandet og landet, 2008	16
Tabell 3.2	Sauproduksjon på Vestlandet og i heile landet, 2008	17
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region	25
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Vestlandet.....	26
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik	26

Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet	34
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland	37
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane.....	40
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal	43
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer	46
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer	49
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer.....	52
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer.....	55
Tabell 9	Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer.....	58
Tabell 10	Vestlandet, driftssformer, mjølkeproduksjon.....	61
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, sauehald	64
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin	67
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau.....	70
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt.....	73
Tabell 15	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr.....	76
Tabell 16	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr	79
Tabell 17	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe fra og med 20 årskyr.....	82

Samandrag

NILF utfører årlege «Driftsgranskinger i jord- og skogbruk». Formålet med desse er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter fra jordbruksfamilien vert også presentert. Resultata vert publiserte i ein landsdekkande publikasjon og fleire regionale publikasjoner. Årets notat for Vestlandet viser lønsemada i jordbruksfamilien i 2008 og trendar og økonomisk utvikling siste tiåret og tabellsamling for dei siste fem åra. I tillegg er det presentert eit kapittel om skatt, og eitt kapittel om verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2007.

For 2008 omfattar utvalet 164 bruk for Vestlandet. Hovudtendensane er at det var nedgang i jordbruksinntekta for mjølkeproduksjon, auke for sauehaldsbondene og fruktbondene. Det var svært høge nettoinvesteringar, særleg på bruk med mjølkeproduksjon.

Jordbruksinntekta, målt i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, var på kr 188 000 i middel per bruk for Vestlandet. Det var stor auke i produksjonsinntektene, men stor kostnadsauke kombinert med auke i renter medførte om lag uendra resultat frå 2007 målt i faste kroner. Blant dei presenterte driftsformene kjem kombinasjonen mjølk og svin best ut med kr 251 000 per årsverk. Det er ein auke på omlag fem prosent frå 2007. Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøt er den største driftsforma i driftsgranskingsmaterialet for Vestlandet. Jordbruksinntekta gjekk ned med 7 prosent per årsverk for denne driftsforma. Fruktbruka hadde ein stor auke i jordbruksinntekt med 23 prosent til kr 215 000 per årsverk. Dette skuldast gode avlingar i 2008. Sauebruka hadde ein inntektsauke på 47 prosent til kr 144 000 per årsverk. Likevel har sauebruka lågast årsverkinntekt blant dei presenterte driftsformene.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering kvart år gjennom tiårsperioden, med unntak av år 2000. Vestlandsbonden hadde i snitt ei nettoinvestering på kr 76 800 per bruk i 2008. Det er ein auke på 52 prosent i samanlikna med 2007, og det klart høgaste nivået i løpet av tiåret.

I 2008 auka samla gjeld på Vestlandet med kr 163 000 (14 %) i snitt per bruk. Størst auke (43 %) er det blant fruktbondene, men bruk med denne driftsforma har saman med sauebruka det lågaste gjeldsnivået av dei presenterte driftsformene. Gjeldsprosenten for Vestlandsbruka er 40, fem prosentpoeng lågare enn snittet for landet.

I kapittelet om skatt har vi sett nærmere på jordbruksfrådraget. I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka på Vestlandet vart skattereduksjonen for 2008 kr 30 300 per bruk. Den største inntektsverknaden per årsverk fekk sauebruka med kr 29 200. Lågast inntektsverknad per årsverk fekk bruk med kombinasjonen mjølk/sau.

Kapittelet om verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane kartlegg den totale verdiskapinga i desse næringane i dei to fylka. I Hordaland er verdiskapinga i jordbruksfamilien rekna ut til 562,5 mill. kroner, og det er Voss som har høgast verdiskaping i jordbruksfamilien med kr 78,5 mill. kroner. I Sogn og Fjordane er verdiskapinga rekna ut til 606 mill. kroner, og det er Flosta som har høgast verdiskaping av kommunane med 73 mill. kroner. Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga i begge fylka. Verdiskapinga i primærskogbruket er rekna ut til 21 mill. kroner i Hordaland og 12 mill. kroner i Sogn og Fjordane. Verdiskaping frå tilleggsnæring er rekna ut til 87,8 mill. kroner.

i Hordaland og 90,4 mill. kroner i Sogn og Fjordane. Leigekjøring er den mest utbreidde tilleggsnæringa i begge fylka.

Sysselsetting i landbruket (jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring) er rekna ut til 3 515 årsverk i Hordaland og 3 884 årsverk i Sogn og Fjordane i 2007.

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overtaken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvalting. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, nokre færre dei siste åra. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Statens landbruksforvaltning. Utrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

Oppbygging av notatet

I 2008 var det i alt med 861 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 164 bruk frå Vestlandet. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra med hovudvekt på rekneskapsåret 2008.

Kapittel to inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2008. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Fjerde kapittel inneheld informasjon om jordbruksfrådraget og inntektsverknad av dette. Kapittel fem inneheld ein kort artikkel frå eit prosjekt som er gjennomført ved distriktskontoret i Bergen. Der vart verdiskaping i landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane kartlagd. Kapittel seks er sjølvé tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvar fylke, men for regionen. Alle dei økonomiske dataa i kapittel seks (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjett-nemnda i jordbruket

2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2008

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av 861 bruk frå heile landet. Av desse kom 164 bruk frå Vestlandet.

Hovudtendensar:

- **Nedgang i jordbruksinntekta for mjølkeproduksjon, auke for sauehald**
- **Auke i prisar for viktige produkt som mjølk og kjøt**
- **Høg nettoinvestering, særleg på bruk med mjølkeproduksjon**

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, på kr 187 900 i 2008. Det er ei auke på kr 6 100 (3 %) frå 2007. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 8 700, til kr 212 800 per årsverk.

Utviklinga i jordbruksinntekt var noko ulik for dei vanlegaste driftsformene på Vestlandet. Medan mjøkeprodusentane fekk redusert jordbruksinntekta si med 7 prosent, auka saueprodusentane inntekta med 48 prosent og fruktprodusentane med 23 prosent frå 2007. Også bruk med kombinert mjølk og sau og mjølk og svin fekk auka jordbruksinntekta. Det var prisauke på viktige produkt som mjølk og kjøt, men også kostnadene auka.

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig og representativt utval av 861 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 164 bruk frå Vestlandet; 54 i Hordaland, 54 i Sogn og Fjordane og 56 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 218 dekar, 6 dekar meir enn i 2007. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 615 400.

Mjølkeproduksjon har gjennom mange år vore basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. For denne gruppa gjekk jordbruksinntekta ned med 7 prosent til kr 182 600 frå 2007 til 2008, men resultatet er likevel ca. kr 20 000 betre enn resultatet i 2006. Produksjonsinntektene auka frå 2007 til 2008, men kostnadsvekst både på driftsmiddel og renter førde til nedgangen i jordbruksinntektene.

Mjøkeproduksjonen auka med knappe 3 prosent, medan arbeidsinnsatsen var om lag uendra frå 2007. Mjøkeprisen auka med kr 0,21 per liter og prisen på storfekkjøt med kr 3,70 per kg. På kostnadssida var det kostnadene til kraftfør som auka mest i kronebeløp, men også kostnader til maskinleige og energi var med på å dra kostnadene opp.

Det var høgt investeringsnivå på mjøkeproduksjonsbruka i 2008, med ei nettoinvestering på kr 171 700. Det vart investert mest i driftsbygningar og kjøp av mjøkekvote. Samla gjeld auka med kr 159 300, og dei samla renteutgiftene til brukarfamilien auka med kr 28 400 (61 %) frå 2007 til 2008.

Det var 63 bruk i denne driftsforma i 2008. Produksjonsomfanget var på 18,8 årskyr, dei omsette i gjennomsnitt 118 600 liter mjølk og 4 100 kg storfekkjøt (inkl. kukkjøt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 266 dekar.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** fekk auka jordbruksinntekta med 3 prosent frå 2007 til 2008, men ligg likevel lågare i jordbruksinntekt per årsverk med kr 167 800 enn dei reine mjøkeproduksjonsbruka. Auka mjøkeproduksjon, pris-

auke på mjølk og kjøt førde til at jordbruksinntekta auka trass i kostnadsauke. Særleg var det kostnader til kraftfør, handelsgjødsel og vedlikehald som auka mykje.

Gruppa omfatta 24 bruk i 2008. Gjennomsnittleg jordbruksareal var 260 dekar. Bruka hadde 14,1 årskyr og 81 vinterföra sauер. Arbeidsinnsatsen var på 2,2 årsverk i 2008.

Bruka med **kombinert mjølkeproduksjon og svinehald** fekk auka jordbruksinntekta med 9 prosent, til kr 250 600 fra 2007 til 2008, og var i 2008 den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt per årsverk. På desse bruka auka arealet med 25 dekar fra 2007 til 2008. Det var produksjonsauke både for mjølk og svinekjøt. Produksjonsauke, auka prisar på mjølk, svinekjøt og smågris for sal, saman med auka tilskot og redusert arbeidsinnsats, førde til auke i jordbruksinntekta for desse bruka, trass i auka kostnader.

Driftsforma omfatta i 2008 14 bruk med eit produksjonsomfang på 18,3 årskyr, 31,8 purker, 643 salbare smågrisar og 23 900 kg slaktegris.

Sauebruka på Vestlandet oppnåde den største auken i jordbruksinntekt fra 2007 til 2008 med kr 46 600 (48 %), til kr 144 500 per årsverk. Produksjonsomfanget var om lag som i 2007, men auka lammekjøtpris med kr 4,53 og sauekjøt med kr 3,92 per kg, førde til auke i produksjonsinntektene. Saman med moderat kostnadsauke og nedgang i arbeidsforbruket, førde det til den gode utviklinga i 2008. Sauehald er likevel den driftsforma som oppnår lågast jordbruksinntekt per årsverk på Vestlandet. Det var negativ nettoinvestering på sauebruka i 2008, det vil seie at avskrivingar og fråsal var større enn investeringane i driftsapparatet for desse bruka.

I 2008 omfatta driftsforma 19 bruk med eit gjennomsnittleg areal på 169 dekar og 100 vinterföra sauер.

Fruktprodusentane hadde eit godt år i 2008, og fekk auka jordbruksinntekta med 23 prosent til kr 215 500 per årsverk. Fruktavlingane svingar mykje fra år til år, og jordbruksinntektene svingar meir fra år til år for denne driftsforma enn for andre driftsformer.

Samla gjeld har auka med 14 prosent fra 2007, og utgjorde i 2008 kr 1 356 900 for det gjennomsnittlige deltakarbruket på Vestlandet. Gjeldsprosenten auka fra 38 prosent til 40 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet fra jordbruket og lønnsinntekt utgjorde like stor del av **familien sine samla inntekter i** 2008 med 42 prosent kvar. Anna næring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde 4 prosent . Resten, 12 prosent av dei samla inntektene, er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter. I 2008 var driftsoverskotet fra jordbruket og anna næring med utgangspunkt i bruket sine ressursar sin samla del av totalinntekta den same som i 2007. Delen fra lønsinntekt gjekk ned med to prosentpoeng og bidraget fra anna næring, pensjonar m.m. gjekk opp med to prosentpoeng.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 142 000. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2008 kr 214 300 i gjennomsnitt per årsverk for bruka fra Vestlandet. Det er ein auke på 4 prosent fra 2007. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 26 400 per årsverk. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

Alle dei presenterte resultata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreying i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 164 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore. Se tabell 2.1 og figur 2.1.


Tabell 2.1 Samla oversikt for 2008

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk	Skattekorrigert vederlag	
	2008		2007	2008	2007	2008	2007
Vestlandet, alle	164	218	266 300	282 700	181 800	187 900	205 800
Bruk < 50 dekar	9	34	146 400	221 700	151 900	167 500	173 600
« 50 - 100 dekar	21	72	161 200	228 600	158 300	202 400	181 100
« 100-200 dekar	59	152	221 100	233 500	176 800	191 600	202 400
« 200-300 dekar	38	243	313 200	286 200	183 800	180 200	208 400
« 300-500 dekar	31	360	386 500	354 700	198 000	183 100	220 600
Mjølkeproduksjon	63	266	309 200	296 200	196 600	182 600	221 600
Mjølk/sauenhald	24	260	286 400	300 800	162 900	167 800	184 900
Mjølk/swinehald	14	252	536 400	578 700	230 300	250 600	253 700
Sauenhald	19	169	82 700	119 200	97 800	144 400	120 400
Frukt m/sau	21	62	183 200	283 100	175 900	215 500	199 200
Mjølk Hordaland	14	207	271 800	261 900	188 700	187 400	210 300
Mjølk Sogn og Fjordane	15	201	273 900	241 100	200 900	177 000	229 800
Mjølk Møre og Romsdal	34	319	343 300	334 600	196 500	181 300	221 000

Alle beløp i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

Utvikling i jordbruksinntekt 2000-2008



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i Vestlandsjordbruket og gjennomsnittstall for landet i perioden 2000–2008

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1999 til og med 2008. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskilde bruk gje utslag på resultata.

Alle resultata i dette kapittelet er omrekna til 2008-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmål² i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien, og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Utviklinga for Vestlandet har i hovudtrekk følgt same trenden som resten av landet i tiårsperioden, men ligg noko lågare enn landsgjennomsnittet. I 2008 auka gjennomsnittleg driftsoverskot på Vestlandet med seks prosent, medan landsgjennomsnittet auka med åtte prosent. Prisar på viktige produkt som mjølk, kjøt (storf og sau) og smågris heldt fram å auke i 2008. Mest av alt auka prisar på saue- og lammekjøt med 14 prosent, for resten låg prisstiginga mellom seks og åtte prosent. Dette medførde auke i produksjonsinntektene på 12 prosent. Kostnadsauken på frå 2007 til 2008 var på heile 15 prosent. Mest auka kostnader til drivstoff (32 %) og leigd arbeid (22 %). Dobling i gjødselprisane i juli 2008 førte til ein kostnadsauke på gjødsel på 21 prosent samanlikna med 2008. Kraftførkostnadene auka med 13 prosent, noko som gjev stort utslag på resultatet for kraftførbaserte produksjonar.

For Vestlandet har driftsoverskotet halde seg jamt i overkant av kr 200 000 gjennom perioden (figur 3.1). Lågast driftsoverskot var det i 1999 med kr 191 000, medan i 2008 gav det beste resultatet i løpet av tiåret med kr 282 700.

² Sjå forklaringa på faguttrykk bakerst i notatet.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet

Blant dei presenterte driftsformene kjem kombinasjon mjølk og svin best ut. Med ein auke i driftsoverskotet på fire prosent i høve til 2007, til kr 578 700, har driftsforma det klart beste resultatet i tiårsperioden (figur 3.2). Bruk med kombinasjonen mjølk og svin er relativt store bruk med 252 dekar innmark i middel, og med eit produksjonsomfang i middel på 18,3 årskyr og 32 purker.

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøt er den største driftsforma på Vestlandet i driftsgranskingsmaterialet. Gjennomsnittlig driftsoverskot for desse brukna gjekk ned med 4 prosent, og var på kr 296 000 i 2008. Auka kostnader til kraftfør, gjødsel og plantervern er årsaker til nedgangen.


Økonomisk resultat på fruktbruk varierer mykje frå år til år. 2008 var eit godt år med høge avlingar, og det førte til ein auke i gjennomsnittleg driftsoverskot på 49 prosent. 2008 var det beste året i tiårsperioden med kr 283 000 i driftsoverskot.

2008 var eit godt år for sauehald på Vestlandet. Kraftig prisauke på saue- og lammekjøt førte til det beste resultatet for dei siste 10 åra. Sauehald har hatt ein jamn auke i gjennomsnittleg driftsoverskot sidan 2001, og frå 2007 til 2008 steig det med heile 39 prosent og var på kr 119 000. Det er første gong driftsoverskotet for bruk med sauehald på Vestlandet er høgare enn kr 100 000 for dei som er med i driftsgranskingsane.



Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

Driftsoverskotet for ulike storleiksgrupper varierer. Dei minste brukene med areal under 50 daa og areal mellom 50 og 100 daa hadde den største auken i driftsoverskot, høvesvis 46 prosent og 37 prosent. I desse gruppene dominerer bruk med fruktproduksjon, sauehald og mindre bruk med mjølkeproduksjon. Gruppene med 200–300 daa og over 300 daa hadde ein nedgang i driftsoverskot med 11 prosent. I desse gruppene er det eit stort innslag av mjølk og noko mjølk kombinert med svinehald. Auken i variable kostnader førte til at pris- og volumauken på store bruk ikkje førde til auke i driftsresultatet.




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Jordbruksinntekta er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen.

Figur 3.4 viser jordbruksinntektene per årsverk i middel for Vestlandet samanlikna med landsgjennomsnittet. Gjennomsnittet for Vestlandet følgjer same utvikling som landet elles gjennom heile perioden og ligg i snitt mellom kr 150 000 og 220 000 gjennom perioden. Det er om lag kr 20 000 per årsverk under landsgjennomsnittet. I 2008 var jordbruksinntekta per årsverk kr 182 000 for vestlandsbonden. Det var inga endring i jordbruksinntekta per årsverk frå 2007 til 2008 målt i faste kroner.




Figur 3.4 Jordbruksinntekt per årsverk for heile landet og Vestlandet

Auke i rentenivå kombinert med gjeldsauke i 2008 førte til kraftig auke i rentekostnader for nokre driftsgreiner. Driftsoverskot på bruk med driftsforma mjølk/storfe gjekk ned med 4 prosent. Store investeringar gjev høge avskrivingar og høge rentekostnader, og påverkar jordbruksinntekta negativt. Auke i rentekostnader førte til en nedgang i vederlag per årsverk på 10,5 prosent til kr 183 000 målt i faste kroner for denne driftsformen.

Kombinasjon mjølk/sau ga lågare jordbruksinntekt samanlikna med bruk med rein mjølkeproduksjon, men på desse bruka var jordbruksinntekta stabil frå 2007 til 2008. Dette kan forklarast med betra lønsemrd i sauehaldet i 2008.


Best ut av driftsformene kom bruk med kombinasjonen mjølk/svin med heile kr 251 000 per årsverk. Det er ei auke på nesten fem prosent frå 2007.



Figur 3.5 Jordbruksinntekt per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, mjølk/ storfekjøt og mjølk/ sau

Høge fruktavlingar og høge prisar førte til kraftig auke i driftsoverskot for fruktbruka. Jordbruksinntekt per årsverk auka derfor frå 2007 til 2008, men auken var mindre enn for driftsoverskotet. Dette skuldast mellom anna at arbeidsforbruket i 2008 også var ein del høgare enn året før. Likevel var jordbruksinntekta i 2008 den beste i tiårsperioden med kr 215 500 per årsverk.

Dei reine sauebruka har den lågaste jordbruksinntekta blant dei presenterte driftsformene. Trass svak økonomi i sauehaldet, har jordbruksinntekta auka jamt dei siste åra for denne driftsforma. Resultatet per årsverk var i 2008 det beste i siste tiårsperioden målt i faste kroner, og låg på kr 101 500. Hovudårsaka er kraftig auke i prisar på sau- og lammekjøt. Dessutan er sauebruka blant dei som har minst gjeld, og dei er dermed minst påverka av auka gjeldsrente.




Figur 3.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt

3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimer. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. På grunn av generelt auka rentenivå i 2008 vart kalkulationsrenta auka vart frå 5 prosent i 2007 til 6 prosent i 2008.


Lønsevna per time for vestlandsbruka var i 2008 på kr 84,00 (figur 3.7). Det var ein nedgang på litt over to kroner per time fra 2007. Når den utrekna kapitalgodtgjeringa aukar, vert det mindre att til godtgjering for arbeidsinnsatsen. Saman med auka arbeidsinnsats med to prosent, forklarer dette nedgangen i lønsevne for bruken på Vestlandet.

Vestlandet har hatt same utviklinga som resten av landet gjennom tiåret, men nivået på Vestlandet ligg også for lønsevne noko under landsgjennomsnittet.



Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet

Også for lønsevne viser kombinasjon mjølk og svin best resultat for mange av åra i dei siste 10 åra. Lønsevne per time for driftsforma auka med nesten kr 5 frå 2007, og låg i 2008 på kr 115 per time. Sauehald og fruktprodusentar hadde størst prosentvis auke i lønsevne per time. For sauehald auka lønsevna med heile 43 prosent, og låg på kr 61 per time. For fruktprodusentar var auken på 24 prosent og låg i 2008 på kr 110 per time.



Figur 3.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

3.1.4 Mjølkeproduksjon og sauehald på Vestlandet samanlikna med lands-gjennomsnittet

Det kan vere interessant å sjå kva som skil Vestlandsbruk frå bruk elles i landet. I tabellane under har vi valt å sjå på produksjonsformene mjølk/storfekjøt og sau, og samanlikna dei med tilsvarende produksjon i heile landet for året 2008.

Det er lite som skil mjølkebruka på Vestlandet frå mjølkebruka elles i landet (tabell 3.1). Vestlandsbruka er noko mindre, har mindre mjølkekvote og omset mindre storfekjøt. Mindre kjøtproduksjon kan forklarast med at vestlandsbonden har mindre areal, og dermed mindre høve til kjøtproduksjon i forhold til storleik på kvote. Dei er elles like produktive og effektive som mjølkeprodusentane i resten av landet.

Mjølkeprisen på Vestlandet ligg 7 øre per liter under landsgjennomsnittet. I utgangspunktet er det lik pris til produsent over heile landet. Kvalitetsmessig er vestlandsmjølka over gjennomsnittet. Det som er mest sannsynleg forklaring på prisskilnaden, er sesongvariasjonar i mjølkeprisen. Pris på storfekjøt på Vestlandet er 40-50 øre høgare enn elles i landet.

Tabell 3.1 Mjølk/storfeproduksjon, Vestlandet og landet, 2008

Mjølk/storfef	Vestlandet	Heile landet
Tal bruk	63	341
Årskyr	18,8	20,3
Jordbruksareal, daa	265,8	304,7
Mjølkekvote	126 540	131 947
Timar i jordbruket	3 238	3 451
Timar per årsku	172	170
Produksjon		
Mjølk per årsku, kg	7 092	7 062
Storfekjøt omsett, kg	4 134	4 981
Prisar		
Mjølk, kr	3,92	3,99
Kukjøt, kr	33,10	32,72
Anna Storfekjøt, kr	39,93	39,43
Resultatmål		
Driftsoverskot, kr	296 159	332 686
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	182 571	197 971
Lønsevne, kr/time	76,64	87,06


Lønsemada i sauehaldet på Vestlandet har vore svak i ei årrekke. Trass i auke kvart år sidan 2001, ligg lønsemada framleis under dei andre driftsformene og under landsgjennomsnittet for sauehald i driftsgranskingane. Mykje av årsaka er at sauebruka på Vestlandet er mindre enn bruka med sauehald elles i landet (tabell 3.2). Små og ofte tungdrivne bruk kan forklare skilnaden i arbeidsforbruk. Vestlandsbruka produserer også mindre kjøt per vinterföra sau (v.f.s.) og har færre gagnslam, og til saman gjer dette store utslag på driftsresultatet. Resultatet for sauebruka på Vestlandet har nærma seg landsgjennomsnittet siste året.

Tabell 3.2 Sauproduksjon på Vestlandet og i heile landet, 2008

Sau	Vestlandet	Heile landet
<i>Tal bruk</i>	19	93
<i>Tal vinterfôra sau (v.f.s.)</i>	100	136
Jordbruksareal, daa	168,5	202,9
<i>Timar i jordbruket</i>	1 834	2 157
Timar per v.f.s.	18,3	15,9
<i>Produksjon</i>		
Kjøt per v.f.s., kg	27	28
Omsett sau- og lammekjøt, kg	2 719	3 832
Gagnslam per vinterfôra sau	1,3	1,4
<i>Prisar</i>		
Sau- og lammekjøt, kr	39,52	38,58
Ull, kr	31,92	32,22
<i>Resultatmål</i>		
Driftsoverskot, kr	119 199	150 649
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per årsverk	144 373	149 332
Lønsevne, kr/time	60,88	66,23

3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskningane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruken driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden (figur 3.9). I 2008 utgjorde overskotet kr 3 500 per bruk. Trass i at driftsoverskot frå skogen auka siste året, utgjer det berre ein liten del av inntekta på gjennomsnittsbruket på Vestlandet.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.3 Totaløkonomi

3.3.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringer, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta i 2008 var påverka av stigande rentenivå. Kraftig auke i renteutgifter «åt opp» auken i driftsoverskotet. Spesielt synleg er dette på Vestlandet. Der gjekk nettoinntekta ned med nesten to prosent, noko som utgjer kr 8 500 per bruk. Generelt i landet heldt nettoinntekta fram i ein positiv trend også i 2008 og auka med nesten kr 15 000 (figur 3.10).



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Figur 3.11 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Vestlandet. Fram til 2006 har driftsoverskotet frå jordbruksnæringa utgjort ein stadig mindre del av dei samla inntektene til brukarfamilien, medan bidraget frå lønsinntekter har auka. Frå 2007 fekk vi ei endring i denne trenden. I 2008 gjekk bidraget frå lønsinntekter ned med tre prosentpoeng, medan driftsoverskotet frå jordbruksnæringa auka med 0,4 prosentpoeng. Det var auke i bidraget frå tilleggsnæringer og andre næringar.




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet

3.4 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivingar, investeringstilskot og verdien av selde eidedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden, med unnatak av år 2000 (figur 3.12). Det var høgast nettoinvestering i 2008. Renteauken i 2008 dempa ikkje investeringslysta blant vestlandsbøndene.. Vestlandsbonden hadde i snitt ei nettoinvestering på kr 76 800 i 2008. Det er ein auke på 52 prosent i samanlikna med 2007. Investeringsnivået på Vestlandet låg likevel under landsgjennomsnittet.. Eit høgt investeringsnivå tyder på optimisme for framtida.




Figur 3.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Bruka med driftsforma mjølk/storfekjøt har stått for mesteparten av nettoinvesteringa dei siste 3 åra (figur 3.13). Det vart investert mest i driftsbygningar. Strukturendringar saman med nye husdyrforskrifter har gjort investeringar i bygningar nødvendig. Både kombinasjonen mjølk/svin og sauebruka hadde negativ nettoinvestering i 2008 på høvesvis kr -33 000 og kr -2 400 per bruk i snitt. Her vart det i hovudsak investert i maskiner og reiskap, men høge avskrivingar på bygningar gjorde at nettoinvesteringa vart negativ.

Bruka med mjølk og svin hadde ein kraftig investeringsperiode rundt årtusenskiftet, noko som gjer at trongen for nye investeringar no er mindre, medan avskrivingane framleis er høge.

Bruk med frukt dobla nettoinvesteringane i høve til i 2007, og hadde den høgaste investeringa i siste tiåret. Her vart det i hovudsak investert i maskiner og reiskap.




Figur 3.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk svin, mjølk/storfe, sau og frukt

3.5 Gjeld

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2008 auka samla gjeld på Vestlandet med kr 163 000 i snitt per bruk. Størst auke (på heile 43 %) er det blant fruktboendene (figur 3.14), men bruk med denne driftsforma har saman med bruk med sauehald det lågaste gjeldsnivået av dei vanlegaste driftsformene på Vestlandet. Gjeldsauken på fruktbruken frå 2007 til 2008 skuldast delvis høge investeringar og delvis utskifting av bruk i driftsgranskningane.

Bruk med kombinasjon mjølk/svin og mjølk/storfekjøt har auka gjelda med 15 prosent frå 2007. For mjølk/svin skuldast oppgangen sannsynlegvis private investeringar og investeringar i tilleggsnæringer.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer

3.6 Soliditet - eigenkapitalprosent


Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med.

Ser vi på dei ulike driftsformene, er det driftsforma mjølk/svin som har lågast eigenkapitalprosent (48%). Eigenkapitalprosent heng godt saman med dei årlege endringane i gjeld og nettoinvestering (figur 3.15). For bruk med mjølk/svin auka gjelda med 15 prosent, og eigenkapitalprosenten minka med 0,3 prosentpoeng frå 2007. Driftsforma ligg framleis under den nedre tilrådde grensa.

Høge investeringar og ein auke i gjelda på 15 prosent førte til nedgang i eigenkapitalprosent for mjølkebruk med nesten fire prosentpoeng til 58 prosent.

Sauetbruk og fruktbruk har framleis den beste soliditeten og har eigenkapitalprosent på høvesvis 73 prosent og 71 prosent.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene

4 Skatt

4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektpolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000. I 2007 vart frådraget auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget er uendra frå 2007 til 2008. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskningane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektpolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemder eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 33 prosent marginalskatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,67. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Jordbruksfrådraget vart innført i 2000. Maksimalt jordbruksfrådrag er auka fleire gonger. Frå 2006 til 2007 vart frådraget nær dobla. For 2008 var følgjande gjeldande: Ved næringsinntekt opp til kr 54 200 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 54 200 og opp til kr 328 575 vart frådraget kr 54 200 pluss 32 prosent av all inntekt mellom kr 54 200 og kr 328 575. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 328 575. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruk i driftsgranskningane i 2008 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 108 600. For Vestlandet låg frådraget nesten på same nivået, kr 108 000. Ein del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt (tabell 4.1).

Tabell 4.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per års-verk
Austlandet, flatbygder	184	85	14	103 100	28 900	34 000
Austlandet, andre bygder	150	47	6	100 400	28 100	28 200
Jæren	44	29	1	114 700	32 100	24 300
Agder/Rogaland, andre bygder	81	30	4	106 700	29 900	26 000
Vestlandet	164	60	4	108 000	30 300	26 500
Trøndelag, flatbygder	65	29	1	114 000	31 900	34 200
Trøndelag, andre bygder	64	32		121 100	33 900	28 100
Nord-Noreg	109	54	2	118 400	33 200	29 700
Alle	861	366	32	108 600	30 400	29 000

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei driftsformene som er mest utbreidde på Vestlandet: produksjon av mjølk og storfeslakt, sauehald, frukt, kombinert mjølk/sau og kombinert produksjon av mjølk og svinekjøt. Det var nesten dobbelt så mange bruk som klarte å oppnå maksimalt frådrag i 2008 som i 2007. Ei årsak kan vere at kravet til næringsinntekt for å oppnå maksimalt frådrag, vart redusert til kr 328 575. Det var færre bruk i 2008 enn i 2007 med så låg næringsinntekt at dei ikkje fekk jordbruksfrådrag.

Tabell 4.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Vestlandet

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frå- drag	Jordbruks- frådrag	Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
Mjølk	64	30	1	114 100	32 000	27 200
Mjølk/svin	14	10		137 900	38 600	24 800
Mjølk/sau	24	7		117 500	32 900	22 700
Sau	19	1	1	69 400	19 400	29 200
Frukt	21	8	1	106 400	29 800	24 700
Alle	164	60	4	108 000	30 300	26 500

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka på Vestlandet var skatteredusjonen for 2007 kr 30 300. Den største inntektsverknaden i 2008 får sauebruka med litt over kr 29 000 per årsverk, minst inntektsverknad får bruka som driv med kombinasjon mjølk/sauehald. Skilnaden mellom driftsformene er relativt liten.

I tabell 4.3 har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådraget. Vi kan sjå at Vestlandet har mange små bruk, og dermed låg utnyttingsgrad. Ser vi derimot på inntektsverknad per årsverk, ser vi at denne aukar opp til bruk med 200 dekar for deretter å gå ned. Dette skjer fordi frådraget er per bruk. På større bruk med høgare arbeidsforbruk, vil derfor inntektsverknad per årsverk bli redusert.

Tabell 4.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik


Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruks- frådrag	Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
0–50	9	2	0	98 300	27 500	23 700
50–100	21	7	1	97 600	27 300	26 400
100–200	59	14	3	96 500	27 000	28 200
200–300	38	15	0	119 800	33 500	28 100
300–500	31	18	0	124 000	34 700	24 800
Over 500	6	4	0	117 000	32 700	19 300
Alle	164	60	4	108 000	30 300	26 500

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivingar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 54 200 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 328 575.

4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget for Vestlandsbonden auka frå kr 24 000 i 2007 til kr 26 500 i 2008, og er med dette blitt ein viktig del av inntektsdanninga i jordbruket.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk har auka gradvis i perioden sidan jordbruksfrådraget vart innført sett i forhold til jordbruksinntekta før skattejustering.



Figur 4.1 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet og Vestlandet

5 Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Hordaland og Sogn og Fjordane³

Bakgrunn

Formålet med analysen har vore å vise utviklingstrekk for jordbruksverdiskaping i Hordaland og Sogn og Fjordane og å kartlegge verdiskaping, omsetning og sysselsetting innan hovedproduksjonane i jordbruket på fylkes- og kommunebasis. Også for skogbruk er verdiskaping kartlagt på kommunebasis, medan ein for tilleggsnæringer har kartlagt verdiskaping på fylkesnivå.

Vestlandsjordbruket er prega av mange små driftseiningar, med grovförbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Det siste tiåret er talet jordbruksbedrifter i Hordaland og Sogn og Fjordane redusert med høvesvis 39 prosent og 35 prosent. Dette er noko meir enn reduksjonen på landsbasis som var på 31 prosent i same perioden. Dei to fylka har også hatt større prosentvis nedgang i dyretal både for mjølkekyr og sau enn landsgjennomsnittet.

I Hordaland er gjennomsnittleg storleik på bruk med mjølkekyr auka med 41 prosent i perioden, til 15,1 kyr per bruk. I Sogn og Fjordane auka kutalet med 43 prosent i perioden, til 14 kyr i gjennomsnitt, medan landsgjennomsnittet auka med 50 prosent til 19,8 kyr per bruk. For sauehaldet auka dyretal per bruk med 32 prosent i Hordaland og 31 prosent i Sogn og Fjordane. Samstundes auka dyretal per bruk med 43 prosent i gjennomsnitt for landet. I 2008 var gjennomsnittbuskapen av sau høvesvis 49,8 vinterföra sauar i Hordaland, 55,2 i Sogn og Fjordane og 69,9 i gjennomsnitt for landet.

Frukt- og bærproduksjon er svært viktig i nokre av vestlandskommunane. I 2008 var 35 prosent av eplearealet i landet, 49 prosent av pærearealet, 49 prosent av plommearealet og 43 prosent av arealet med söt- og surkirsebær lokalisert i Hordaland, det meste i Ullensvang kommune. Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon. Dei siste 10 åra er arealet auka med 34 prosent.

Også produksjonsomfanget er redusert for viktige produkt, men ikkje i same grad som nedgangen i brukseininger og dyretal.

Verdiskaping i jordbruket

Verdiskaping frå jordbruksverdien for 2007, rekna som nettoprodukt⁴ inkl. tilskot, er berekna til 562,5 mill. kr for Hordaland og 606 mill. kr for Sogn og Fjordane. I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 78,5 mill. kr. Deretter følgjer Ullensvang (64,4 mill. kr), Kvinnherad (56,1 mill. kr), (Kvam 51,6 mill. kr) og Etne (46,2 mill. kr). Gloppen er kommunen med høgaste verdiskapinga i Sogn og Fjordane med 73 mill. kr, følgt av Stryn (59,2 mill. kr), Luster (47,3 mill. kr), Jølster 41,4 mill. kr) og Sogndal (37,8 mill. kr).

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. Produksjonsinntektene for jordbruket utanom veksthusproduksjon, pelsdyr og børkt utgjer 1,32 mrd. kr i for jordbruksverdien i Hordaland og 1,52 mrd. kr i Sogn

³ Kjelde: Knutsen et al. 2009. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Hordaland og Sogn og Fjordane. Notat 2009–14. NILF.


⁴ Sjå def. av nettoprodukt

og Fjordane. Av dette utgjer marknadsinntektene høvesvis 806,8 mill. kr for Hordaland og 917,9 mill. kr for Sogn og Fjordane. Veksthus, birøkt og pelsdyr er ikke med i desse tala.

Kostnader til varer og tenester for jordbruksbedriften utenom veksthus, pelsdyr og birøkt, utgjør 692,8 mill. kr i Hordaland og 785,9 mill. kr i Sogn og Fjordane. Avskrivinger utgjør høvesvis 128,8 mill. kr og 147,5 mill. kroner.


Samla sysselsetting i jordbruksbedriften er berekna til 3 211 årsverk i Hordaland og 3 569 årsverk i Sogn og Fjordane. I Hordaland er det Voss som har flest årsverk med 453, følgt av Ullensvang og Kvinnherad med høvesvis 318 og 315 årsverk. Gloppe, Stryn og Luster er kommunane med flest årsverk i jordbruksbedriften i Sogn og Fjordane, med høvesvis 392, 337 og 280 årsverk.

